

Strategi for tilskot til tiltak i beiteområde for Luster kommune 2026

Søknadsfristen er i 2026 15. april. Dei siste åra har støtta vore mellom 20-40 % avhengig av tiltak og søknadsmengde. Omsøkte tiltak bør ha ein minste kostnad på kr 20 000. Utbetalt tilskot kan verta redusert dersom den faktiske kostnaden ved tiltaket er lågare enn det som låg til grunn ved tildelinga.

Kven kan søkja

Lag eller foreiningar med organisasjonsnummer (t.d. beitelag og grunneigarlag), med medlemmer som søker produksjonstilskot på dyr og som driv beitebruk i utmark, kan søke. Tilskotet gjeld for sau, ku, geit og hest på utmarksbeite. Beitebrukarar som ikkje er medlem i beitelag vert ikkje prioriterte. Utgangspunktet er at alle beitebrukarar skal høyra til eit beitelag.

Type tiltak ein kan søkja om

Tilskot til tiltak i beiteområde er ei vid tilskotsordning der føremålet er å legge til rette for best mogeleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområde. Alle typar tiltak som betrar beitebruken i utmark kjem inn under ordninga. Døme på tiltak det kan løyvast tilskot for er:

- sanke- og skiljeanlegg
- bruer for folk og dyr
- sperregjerder for å sikra dyr frå farleg område
- sankehytter
- elektronisk overvakingsutstyr

Perioden 2026

Styrande dokument vil vera «**Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområde**». Dette erstattar dei tidlegare Investeringsmidlane til Organisert beitebruk:

- Faste installasjonar og kostnadskrevjande investeringar vert prioriterte
- Det vert ikkje prioritert å gje tilskot til transportutstyr og mindre kostnadskrevjande tiltak (t.d. saltsteinautomatar og rydding av stiar) med mindre desse er del av eit større anlegg.
- Søknader der søker har særskilte utfordringar med beitebruken kan gjevast høgare prioritet
- Kommunen kan avslå søknader ut frå søknadsmengde og tiltak

Tilskotssatsen vert tilpassa søknadsmengda og tilskotsramma. Dei siste åra har støtta vore på 20-40 % av godkjent kostnadsoverslag. Utbetalt tilskot kan verta redusert dersom den faktiske kostnaden ved tiltaket er lågare enn det som låg til grunn ved tildelinga.

Søknaden

Søknadsskjema finn ein elektronisk på [Altinn](#). Søknaden vert sendt til og handsama av kommunen.

- Plassering av tiltaket skal teiknast inn på kart for faste installasjonar (bruer for folk og dyr, samlegardar, sankehytter og liknande) og vegetasjonsrydding
- Løyve frå grunneigar eller eventuelt verneområdestyre må leggjast ved søknaden. Den som signerer søknaden på vegne av eit beitelag/føretak må vera registrert i Einingsregisteret med organisasjonsnummer

I søknader om tilskot til sankehytter må det i tillegg vere med:

- Stadfesting frå kommunen på at byggjeløyve er gjeve. Dersom byggjeløyve ikkje er gjeve innan søknaden vert sendt inn kan tilskot løyvast med atterhald om at byggjeløyve vert gjeve
- Signert løyve frå grunneigar/grunneigarlag/verneområdestyre
- Skisse med målsetjing for sankehytta. Dette kan ettersendast dersom det ikkje er klart innan søknadstidspunktet
- Kart i storleiken 1:50.000 der tenkt plassering av hytta er påteikna
- Kopi av avtale mellom grunneigar/eigarane/brukarane av hytta der det går klart fram kven som eig hytta, kven som har bruksrett til hytta og kven som skal kosta og utføra vedlikehaldet av hytta

Dersom det er bønder privat som skal få tilskotet til slutt (dvs. at bøndene kostar tiltaket) skal de ikkje ta MVA med i kostnadsoverslaget. Dersom det er laget som skal få tilskotet til slutt (dvs. som kostar tiltaket), skal de rekne MVA med i kostnadsoverslaget. Det skal ikkje reknast MVA på eige utført arbeid. Norsk småfeservice, www.smaafe.no har kunnskapsbase med kostnadsoverslag på ulike gjerdetypar. Vi tilrår å bruka desse timesatsane, justert etter Innovasjon Norge sine satsar:

- Manuelt utført eige arbeid inkl motorsag o.l.: 350 kr/time
- Bruk av traktor: 600 kr/time
- Bruk av gravemaskin opp til 4 tonn: 600 kr/time
- Bruk av gravemaskin frå 5 tonn: 800kr/time

Tips til innkjøp/søknad av elektronisk overvakingssystem:

- Innkjøp bør bestillast samla av beitelaget
- Rekning bør sendast til kvart enkelt føretak (frådrag i gardsrekneskapan)
- Beitelaget søker kommunen om samla tilskot. Laget får då utbetalt samla tilskot som de fordelar ut til aktuelle føretak